



Foto: Mimsy Møller / Dagsavisen

LES: Elevane Zainab, Vincent, Saim, Vanessa og Kelly går i 1. klasse. Dei har lært å lese betre. Lærar Kristin Gundersen er glad for det.

Lærer meir

● **Skulane får fleire lærarar. Slik skal borna lære meir medan dei er små.**

Alle elevar skal lære å lese, skrive og rekne tidleg. Det er eit nytt mål for skulane i Oslo.

Derfor får skulane fleire lærarar. Dei skal gi elevane hjelp i små grupper. Elevane skal få hjelpa dei første åra på skulen. Seks skular har testa dette i eit halvt år. Trosterud skule er ein av dei.

– Pølse. Paraply. Pengar. Pus. Purre. Pelle, seier ei gruppe elevar på Trosterud. Denne

veka lærer dei om ord som byrjar med «P».

– Elevane har blitt mykje flinkare. Dei er ivrige og har veldig lyst til å lære, seier lærar Kristine Gundersen.

Skulen skal få endå fleire lærarar neste år.

– Eg gler meg til det, seier Gundersen.

Frå neste skuleår blir 28 fleire skular med i prosjektet. Dei får 112 ekstra lærarar til saman.

Tom Vestereng / Dagsavisen
tom.vestereng@dagsavisen.no

Startar brexit

STORBRITANNIA: No skal britane ut av Den europeiske union (EU). Politikarane sa ja til brexit måndag kveld. Dronning Elizabeth skal også seie ja. Statsminister Theresa May leiar jobben. Britane skal forhandle med EU om avtalar.

– Vi har allereie gitt pengar, vi kan ikkje gi meir no

Les meir på side 3

Må kjempe vidare for å bli norsk

RETTSSAK: Staten vann over Mahad Abib Mahamud i retten. Staten tok statsborgarskapet frå Mahad, som har budd 17 år i Noreg. Dei meiner han lyg om kvar han kjem frå. Mahad ankar dommen.

Kort fortalt

Statens vegvesen rekna feil med nesten 3 milliardar kroner. Dei skulle seie kva den nye vegen E16 i Hordaland kunne få i bompengar. Dei gløymde renter og andre utgifter.

Høgsterett sa nei til Donatas Lukosevicius.



Foto: NTB scanpix

Han er dømd for drapet på åtte år gamle Monika, men ville anke. Det fekk han ikkje.

Politiet lurar overgripingar i ei felle. Dei lastar opp filer med ord som pedofile er interesserte i. Når pedofile lastar ned fila, finn politiet ut ting om dei.

Kjelder: NTB, NRK

ORD I NYHENDA


Skattemelding

- 4. april får du skattemelding frå Skatteetaten.
- Ordet «skattemelding» består av to ord. Å «skatte» er å betale ein del av lønna di til staten. Ei «melding» er ein beskjed eller ein rapport frå deg. Skattemeldinga seier om du skyldar staten skatt, eller om du får pengar tilbake.
- Skattemelding er det nye namnet for sjølvmelding.

Gut blei pressa av politiet

KRIMINALITET: Ein 15 år gammal gut blei pressa til å innrømme noko han ikkje hadde gjort, skriv kanalen NRK. Ein politimann gjorde fleire feil då guten blei avhøyrd. Guten vil ha erstatning.

Foto: NTB scanpix




HØNE: Fuglar kan smitte høns med sjukdom.

– Hold høna inne når fuglane kjem

DYR: Høns bør vere inne eller under tak, seier Mattilsynet. No kjem tusenvis av fuglar tilbake til Noreg frå Sør-Europa. Desse kan ha med seg sjukdommar som fugleinfluensa. Sjukdommar kan lett smitte frå ville fuglar til husdyr som høns.

Skjuler at dei er utviklings-hemma

Foto: Gorm Kallestad / NTB scanpix



FENGSEL: Éin av ti fangar i norske fengsel er psykisk utviklings-hemma. Det skriv avisa Vårt Land.

Forskar Erik Søndena har snakka med 150 fangar. Det er vanskeleg å oppdage at fangar er utviklings-hemma. Mange av dei vil helst skjule det, seier han.

– Vi har ikkje helsefag i utdanninga. Vi lærer ikkje korleis vi finn dei, seier Rita Bråten til avisa. Ho snakkar for folk som jobbar i fengsla. Fangane får ikkje rett hjelp.

Omlag 390 fangar er psykisk utviklings-hemma, ifølge avisa. Dei kan ende i fengsel igjen og igjen.

– Dei fleste klarar ikkje å ta vare på venner og familie, seier Søndena.

Nokre fekk diagnose først då dei blei 40 år gamle.

Karin Flølo
karin@klartale.no



SVELT: Geitene og Ahmed Haji svelt. Det gjer også 20 millionar andre i Somalia, Sør-Sudan, Kenya og Jemen.

Manglar mat og vatn

● Folk flyktar frå tørken aust i Afrika. Det er den verste krisa på 70 år.

– Eg er fortapt, kviskrar Ahmed Haji. Han ser på geitene sine. Dei held på å døy. Det er så tørt at dei ikkje har mat eller vatn. Døyr dei, har heller ikkje Haji mat.

Det er tørke i fleire land i Afrika. Somalia, Sør-Sudan og Kenya har det verst. Og Jemen i Asia. Konflikhtar gjer krisa endå verre. 20 millionar menneske svelt. Det seier Dei sameinte nasjonane (FN).

Seks millionar folk treng mat i Somalia. Mange er gjetarar

og lever av dyr. Ahmed Haji har gått tusenvis av kilometer med dyra. Dei leitar etter vatn og gras. Før hadde han 1.200 geiter. No fryktar han at heile flokken døyr.

– Dei døyr éi etter éi, seier han til nyhendebyrået AP.

Det har vore kriser i Somalia før. Men dette er den verste på over 70 år. Halvparten av folket treng hjelp med éin gong, seier FN.

– Dette er ei alvorleg tørke, seier Ruchard Trenchard. Han leiar FN sitt arbeid med mat i Somalia.

Landa treng 38 milliardar kroner for å hindre at folk

svelt. Noreg vil ikkje gi ekstra pengar.

– Vi har allereie gitt pengar til Sør-Sudan og Somalia. Vi kan ikkje gi meir no, seier Astrid Sehl. Ho snakkar for Utanriksdepartementet.

Det kjem kanskje regn i april. Men det kan vere for seint. Mykje regn på éin gong er heller ikkje bra. Det kan drepe dyr som er svake, seier FN.

Dyra blir fort smitta av sjukdommar. FN vil gi vaksine til to millionar dyr. Slik kan dei stoppe ein større katastrofe.

Kristine Lindebø
kristine@klartale.no

” MITT ORD

Foto: NTB scanpix



Hans Olav Lahlum er historikar og sjakkspelar. Han har skriva fleire krim-bøker.

Må passe seg for «straks»

– Kva er ditt favorittord?

– «Imidlertid».

– Kvifor likar du dette ordet så godt?

– Det er eit veldig nyttig og godt ord når du skal presentere andre meiningar om det du snakkar om. Det blir brukt for lite av studentar og forfattarar i historie og samfunnsfag.

– Kva ord likar du ikkje?

– Det er mange store ord som blir brukt når dei slett ikkje passar. «Sinnsjukt» er blitt eit godt døme.

– Kva er eit typisk krimord?

– «Skummelt», «mystisk», «truande» og «gåtefullt». Men alle bør ikkje bli brukt i same setning.

– Kva ord skildrar deg best?

– «Annleis».

Pétur Níelsson

petur@klartale.no

Hamna i fengsel i USA

LITTERATUR: Journalist

Lorns Bjerkan skulle byte fly i USA. Han leste boka «To søstre» på flyet. Boka handlar mellom anna om terrorgruppa IS. I USA blei han spurd om boka og ei reise til Iran. Bjerkan hamna i fengsel. Til slutt blei han send tilbake til Noreg, skriv avisa Aftenposten.

Populære Astrid

MUSIKK: Songar Astrid S

er populær for tida. Ho kom nettopp med låta «Breathe». Det er over eitt år sidan den siste låta hennar kom ut. «Hurts So Good» er spelt 150 millionar gonger på strøymetenesta Spotify. Astrid S fekk Spellemann-pris tidlegare i år.



Foto: Fredrik Varfjell / NTB scanpix

VANN: Artisten Joakim With Steen og songar Aleksander Walmann vann MGP i Noreg.

Satsar på å vinne i Europa

MUSIKK: Artisten JOWST

vann den norske finalen i Melodi Grand Prix (MGP). Han skal synge for Noreg i finalen i Ukraina i mai. Joakim With Steen har skriva låta «Grab the Moment». – Denne låta er laga for verda, ikkje for Noreg, sier Steen til NRK.

Foto: Disney Enterprises

FILM



Vakre Belle er tilbake

» Mange kjenner teiknefilmen «Skjønneheita og Udyret» frå Disney. Det er historia om vakre Belle som blir forelska i eit udyr. Men han er eigentleg ein prins som er forvandla. No er filmen tilbake med levande skodespelarar. Emma Watson spelar Belle. Filmene har premiere fredag, og passar for dei over ni år.